



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Deres ref.:

Vår dato: 08.10.2014

Vår ref.: 2014/8392

Arkivnr.: 471

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Rapport etter kontroll ved Ree fyllplass, Time kommune – Deponiaksjon 2014

Dato for revisjonen: 10.09.2014
Rapportnummer: 2014.076.I.FMRO
Saksnr.: 2014/8392

Til stede ved kontrollen

Frå Time kommune og IVAR IKS (IVAR):

Ole Bjørn Maråk – Time kommune
Anna O. Malon – IVAR
Geir Skogerbø – IVAR
Kåre Omland – IVAR
Anita Austigard – IVAR

Frå Fylkesmannen:

Margareta Skog
Mariann Størksen

Resultat frå kontrollen

Denne rapporten gir ei oppsummering av kontrollen gjennomført ved Ree fyllplass, Time kommune, 10.09.2014.

Fylkesmannen fann ingen avvik men har gitt ein merknad etter kontrollen. Merknaden er som følger:

Det er ikkje rutinar for å sjekka deponiet for diffuse utslepp av metangass via overflata på deponiet.

Merknaden er nærare beskriven på side 4.

Saka vert avslutta med dette.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernshjef

Mariann Størksen
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Saksbehandler: Mariann Størksen
Saksbehandler telefon: 51 56 89 06
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no

Kopi til:
IVAR IKS Postboks 8134 4069 Stavanger

1. Informasjon om verksemda

Kontrollert anlegg: Ree fyllplass	Org.nr. 859223672
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 – Generell offentlig administrasjon	Bedr.nr.
Besøksadresse:	Telefon: 51 77 60 00
Postadresse: Postboks 38, 4349 Bryne	E-post: post@time.kommune.no
Kommune: 1121 – Time	
Løyve av: 23.05.2001	Risikoklasse: 4
Sist kontrollert: Ikke kontrollert tidligere	Anleggsaktivitet: Deponi i etterdriftsfasen

2. Bakgrunn for kontrollen

Miljødirektoratet (Mdir) har initiert ein felles deponiaksjon for heile landet. Aksjonen vart gjennomført i vekene 36 – 38 i år. Det er Fylkesmannen som gjennomførte aksjonen. Ree fyllplass blei vald ut for kontroll som eit av tre anlegg i denne aksjonen.

Auka oppsamling av deponigass er eit viktig klimatiltak identifisert på avfallsområdet i Klimakur 2020. Lokalt kan deponigass skape luktpåler til omgjevnadane. God handtering av sigevatn er viktig for å redusere faren for spreiding av miljøgifter til miljøet. Avfallsdeponi med utslepp av forureina sigevatn utgjør ein fare for forureining jord, vatn og sediment. God internkontroll er ein forutsetjing for at etterdrifta av deponia skal drivast på ein god måte.

Tema for kontrollen var:

- Handtering av deponigass
- Handtering av sigevatn

IVAR, som har ansvaret for fyllplassen for Time kommune, blei varsla om kontrollen i brev av 07.08.2014.

Denne rapporten handlar om dei tema som vart varslet før kontrollen og gir ikkje fullstendig vurdering av tilstanden til verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

3. Resultat av kontrollen

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendige å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

a) Avvik

Det vart ikkje avdekka avvik på denne kontrollen

b) Merknad

Fylkesmannen har følgjande merknad:

- **Det er ikkje rutinar for å sjekka deponiet for diffuse utslepp av metangass via overflata på deponiet.**

Kommentar

Dette er ikkje krav i løyve av 23.05.2001, men Fylkesmannen vil rå Time kommune (IVAR) om å utarbeide enkle rutinar slik at dette årleg vert sjekka.

Diffuse utslepp i overflata på deponia kan ofte observerast som brunsvide flekkar eller som område utan snø vinterstid. Diffuse utslepp kan gjerne sjekkast på denne måten, men det er viktig at dette blir dokumentert f.eks. med bilete og/eller logg.

Dersom det blir oppdaga stader med diffuse utslepp, må det setjast i verk tiltak å gjere toppdekket betre.

4. Andre forhold

Fylkesmannen har ingen andre kommentarar enn nemnde merknad.

5. Oppfølging etter kontrollen

Det vart ikkje avdekka nokon avvik under kontrollen. Det er dermed heller inga oppfølging.

6. Gebyr for kontrollen

Fylkesmannen orienterte i brev av 07.08.2014 at IVAR skal betale gebyr for kontrollen etter § 39-6 i forureiningsforskrifta. Ree fyllplass er plassert i risikoklasse 4 og skal dermed betale kr 4 600,- for kontrollen.

Gebyret vert kravd inn av Miljødirektoratet.

7. Offentligheit i forvaltninga

Denne rapporten vil være tilgjengeleg for offentlegheita på Fylkesmannen sin postjournal på www.fylkesmannen.no (jf. offentlighetslova).